

Innleiing

Marit Julien

Forsking på samiske språk er ikkje noko nytt. Dei tidlegaste innsatsane på området var knytte til den kristne misjonen blant samane, som kom i gang for alvor på 1700-talet. Med misjonen oppstod eit behov for å produsere skrifter på samisk, men før ein kunne gjera dette, måtte ein utvikle samisk skriftspråk. Frå denne tida har vi fleire beskrivingar av ulike samiske språk, skrivne av prestar som vart lingvistar på vegen. Pehr Fjellström, sokneprest i Lycksele, gav ut ein grammatikk og ei ordbok (Fjellström 1738a, 1738b) som begge bygde på umesamisk, sjølv om Fjellström sjølv omtala språket som *lingua lapponica* og la inn eit avsnitt om dialektskilnader. Få år seinare kom to nordsamiske grammatikkar, og desse var skrivne av Henrik Ganander, som i mange år hadde vore sokneprest i Enontekis, og av Knud Leem, som hadde vore misjonsprest i Porsanger og Laksefjord og sokneprest i Alta (Ganander 1743, Leem 1748). Leem sin grammatikk vart seinare vidareutvikla av Rasmus Rask (Rask 1832), og vi kan dermed seja at studiet av samisk har vore ein del av interessefeltet til nordiske lingvistar heilt sidan lingvistikken voks fram som eige forskingsområde.

Parallelt med dei første grammatiske beskrivingane av ulike samiske språk vart det òg produsert ordbøker. Grammatikk og leksikon var lenge i sentrum for interessa, ved sida av fonologien, og da særleg stadievekslinga, som i dei sentrale samiske språka er svært innfløkt og gjennomgripande. Omkring midten av 1900-talet var alle dei samiske hovudvarietetane utforska av profesjonelle lingvistar. Her kan ein nemne Konrad Nielsen (nordsamisk), Israel Ruong (pitesamisk), Karl Bernhard Wiklund og Björn Collinder (lulesamisk), Gustav Hasselbrink og Knut Bergsland (sørsamisk), Toivo Itkonen (skoltesamisk og kolasamisk). Faktisk var utforskinga av dei samiske språka så omfattande at Just Qvigstad så tidleg som i 1899 kunne gi ut ei historisk oversikt over den (Qvigstad 1899), og, saman med K. B. Wiklund, ein samisk bibliografi (Qvigstad & Wiklund 1899), som inneheld over 120 sider med bibliografiske opp-

føringar av tekster på samisk, og i tillegg ein eigen avdeling med lingvistisk litteratur om samisk, 13 sider lang.

Det vart òg tidleg klart at samisk ikkje berre var i slekt med finsk, men òg med ungarsk. Den ungarske jesuitten János Sajnovics slo fast dette etter ei reise til Finnmark i 1769 (Sajnovics 1770), og gav dermed eit viktig bidrag til kartlegginga av den uralske språkfamilien, ei kartlegging som begynte allereie på slutten av 1600-talet, altså før utforskinga av den indoeuropeiske familien kom i gang for alvor. Samtidig som ein undersøkte dei genetiske relasjonane mellom samisk og andre språk, vokst det fram ei interesse for å greie ut konsekvensane av tidleg språkkontakt. Eit sentralt verk på området er Thomsen (1870), som, i tråd med dei dominante tankemønstra på den tida, rekna med at likskapar mellom samisk og skandinavisk måtte skuldast at dei skandinaviske språka har påverka dei samiske, medan det omvende var ”viel seltener”.

Forskinga på samisk har altså heilt frå starten utvikla seg i takt med språkforskinga meir generelt, både når det gjeld dei teoretiske utgangspunkta og når det gjeld emneval. På same vis har forskingsområdet som har komme til i språkforskinga i nyare tid, vorte innlemma i forskinga på samisk – til dømes fleirspråklegheit, språkbevaring og språktileigning. Nemner ein namn her, vil det samtidig vera andre som blir utelatne, men eg vil likevel trekke fram Helander (1984), Svonne (1993) og Bals (2002). Eit arbeid som har fått ein del merksemd er Kusmenko (2008), som utfordrar det etablerte synet på konsekvensane av språkkontakt i Norden ved å argumentere for at mange av dei trekka dei skandinaviske språka har i dag, er lånt frå eller påverka av samisk.

Ei nokså komplett oversikt over vitskaplege arbeid om samiske språk, til og med 2006, er å finna i Toivonen & Nelson (2007). Ein ser der at sjølv om hovudtyngda av forskinga på samisk har gått føre seg, som ein kunne vente, i Norge, Sverige, Finland, Russland og Ungarn, så finst det interesse for samisk òg i andre europeiske land, og til og med så langt borte som i USA og Japan.

I dette nummeret av Norsk Lingvistisk Tidsskrift er Norge, Sverige og Finland representert på forfattarsida. Tematisk er spreiinga større: Antonsen og Trosterud skriv om korleis moderne språkteknologi kan brukast til analyse av nordsamiske ord, Dannemark om element frå andre språk enn nordsamisk i diskusjonar i kommunestyret i Kautokeino, Julien om nordsamisk verbsyntaks i samband med avleiingsmorphologi, Siegl om språkforskaren Tryggve Sköld og hans arbeid med umesamisk, medan Ylikoski tar for seg historia til det sør-samiske infinitivsmerket *jih* og viser kva dette kan seia oss om språkkontakt, om språkhaldninga – og om *og/å* i skandinavisk! Ein får altså her nokre prøve på kva forsking på samiske språk kan handle om i dag.

Til slutt vil eg vil takke for oppdraget som gjestedektor for dette nummeret og for at eg dermed fekk høve til å vera med og løfte fram samisk språkforskning. Samstundes vil eg takke alle som på det eine eller andre viset har bidratt til at det samiske temanummeret vart ein realitet.

Referansar

- Bals, Berit Anne. 2002. *The acquisition of grade alternation in the Kautokeino dialect*. Masteroppgåve, Universitetet i Tromsø.
- Helander, Elina. 1984. *Om trespråkighet: en undersökning av språkvalet hos samerna i Övre Soppero*. Umeå: Umeå universitet.
- Fjellström, Pehr. 1738a. *Dictionarium sueco-lapponicum*. Stockholm.
- Fjellström, Pehr. 1738b. *Grammatica lapponica*. Stockholm.
- Ganander, Henrik. 1743. *Grammatica lapponica*. Stockholm.
- Kusmenko, Jurij. 2008. *Der samische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen: ein Beitrag zur skandinavischen Sprachgeschichte*. Berlin: Humboldt-Universität.
- Leem, Knud. 1748. *En lappisk Grammatica efter den Dialect, som bruges af Field-Lapperne udi Porsanger-Fiorden: samt et Register over de udi samme Grammatica anførte Observationers Indhold*. København: Gottman Friderich Kisels.
- Qvigstad, Just. 1899. Übersicht der Geschichte der lappischen Sprachforschung. *Journal de la Société Finno-Ougrienne* 16-3.
- Qvigstad, Just & Karl Bernhard Wiklund. 1899. *Bibliographie der lappischen Litteratur*. Helsingfors: Société Finno-Ougrienne.
- Rask, Rasmus. 1832. *Ræsonneret lappisk sproglære efter den sprogart, som bruges af fjældlapperne i Porsangerfjorden i Finmarken*. København: Schubothes Boghandling.
- Sajnovics, János. 1770. *Demonstratio idioma Ungarorum et Lapponum idem esse*. Trnava: Collegii Academicici Societatis Jesu.
- Mikael Svonni. 1993. *Samiska skolbarns samiska: en undersökning av minoritetsspråksbehärskning i en språkbyteskontext*. Umeå: Umeå universitet.
- Thomsen, Vilhelm. 1870. *Über den Einfluss der germanischen Sprachen auf die finnisch-lappischen: eine sprachgeschichtliche Untersuchung*. Halle: Verlag der Buchhandlung des Waisenhauses.

Toivonen, Ida & Diane Nelson (red.). 2007. *Saami Linguistics*. Amsterdam:
John Benjamins.

Marit Julien

Professor i nordiska språk
och docent i allmän lingvistik
Lunds Universitet
Box 201, 221 00, Lund
marit.julien@nordlund.lu.se